



Christine S. Bjørsvik spelar i Helgheim under ein kulturskulekonsert. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kulturskulesenter-satsinga på Husnes fører ikkje til at undervisninga blir samla på Husnes, lovar kulturskuletilsette i eit brev som vart lagd fram for kommunestyret då saka var oppe denne veka. Rektor Rolf Lothe skriv at mykje av undervisninga som i dag går føre seg i Ølve, Åkra, på Valen, Tofte og i Uskedalen vil halda fram dersom elevgrunnlaget er til stades.**

Men for nokre fag og instrument må elevar vera førebudde på noko reising slik mange må gjera i dag også. Det kan heller ikkje vera eit tilbod i alle bygder.

For dei 559 elevane i kulturskulen fordeler undervisninga seg no med 56 prosent på Husnes/valen/Bringedalsbygda, 25 prosent på Rosendal, 10,5 prosent på Halsnøy, 5,5 prosent (31) på Uskedalen og 3 prosent på Hatlestrand/Ølve.

Lothe slår fast at hvis alle skulle samlast på Husnes ville det bety ei klar svekking av tilbodet som ikkje ville vera for alle barn og unge i kommunen,

Elevtalet ville gå drastisk ned og det faglege miljøet bli fattig og det er sjølv sagt ikkje dette det blir lagd opp til, forsikrar Lothe.

Av Ola Matti Mathisen



Rektor Lothe lovar framleis desentralisering. (Foto: Ola Matti Mathisen)